

201003454-29
201207114-20
200900438-25
200900443-25
200900436-28
200900442-28
200800386-30
200905841-24
201003141-31

201207371-20
200802607-34
201105971-37
201003460-22
201208193-18

KSK/RMO
KSK/SOSB

KSK/STP
KSK/SMF

3/2



forum for
Natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

NVE –Konsesjonsavdelingen,
Postboks 5091 Majorstua,
Oslo 1.

Dato: 10.05.2013

FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påvirker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Friluftsrådet Ålesund og Omland, fylkets tre turistforeningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonene mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

Fråsegn knytt til småkraftpakken for Ørsta / Volda.

Vi viser til dei 14 søknadene om småkraftverk i Ørsta/Volda med høyringsfrist 10.05.2013. 7 av desse søknadene ligg i Volda kommune og 7 i Ørsta kommune.

Dette er ein uttale som er diskutert med Norges Jeger og Fiskerforening Møre og Romsdal, Friluftsrådet Ålesund og Omland, Ålesund og Sunnmøre Turistforening og Naturvernforbundet i Ørsta/Volda. Enkelte av desse organisasjonane vil også gje egne uttaler.

Vi har vald å gje ein uttale med omsyn til utfordringar knytt til naturvern og friluftsliv sjølv om vi ser at enskilde av prosjekta ikkje kan vere rekningsssvarande og at nettilgangen manglar eller er begrensa.

Først nokre moment som ligg til grunn for tilrådingane vi vil gje for kvar av konsesjonssøknadane.

1. Om pakkar.

I pakken som ligg ute på høyring ligg 14 vasskraftprosjekt med høyringsfrist 10. mai og utsendingsbrev stempla 7 feb. Dette er ei ny måte å handsame slike saker på,- og det stiller nye krav til fleire partar:


Mens snø og is enno dekkjer det meste av landskapet skal kommunane sine sakshandsamerar, politikarar og høyringspartar som oss gjere seg opp ei meining om tiltaka. Det er jo ikkje

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Kommunehuset, 6631 BATNFJORDEN

Mob: 46 43 14 27 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

Kontonr. 4202 32 54314 www.fnf-nett.no



forum for
Natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

enkelt å sjå fossen når den er frosen fast, langt mindre få kontrollert om floraregistreringane er greie ! Vi må i større grad enn før sette lit til kvaliteten på dei biologiske rapportane. Miljøfagleg Utredning sin rapport til OED i 2008 (Gaarder & Melby) peikar på at ikkje alle rapportar held mål, og vi er redd dette kan vere tilfelle framleis. Det seier seg sjølv av ved så mange søknader har dette ført til auka saksmengd som vi diverre trur ikkje har ført til auka kvalitet på sakshandsaminga.

Den kommunale sakshandsaminga kan lett bli summarisk når vi kjenner til arbeidspresset i administrasjonen, - og at nokre kommunar, som Volda, manglar natur og miljøfagleg kompetanse. Sakene vert då presentert politikarane utan den faglege saksutgreiinga dei hadde fortent.

Hadde pakkane vore på om lag fem hadde det vore overkommeleg, men denne er altså på 14. **På dette grunnlaget forventar vi at NVE legg meir vekt på «føre-var» prinsippet enn om eit- og eit tiltak var ute på høyring.**


2. Om vurdering av samla belastning.

Det gode med pakkehandsaminga er at det i større grad vert mogleg å vurdere den samla belastninga tiltaka vil ha i sitt område. 14 kraftverk med tilkomstvegar og nokre nye kraftliner er eit stort arealinngrep i eit område som allereie er kjent på nasjonalt nivå som eit område som har svært mange kraftverk.

I Ørsta / Volda- pakken har 5 småkraftverk fått si eiga vurdering opp mot samla belastning på fjordlandskapet Hjørundfjoren. På Austefjordsida er det merkeleg nok ikkje gjort liknande utgreiing på trass av at området vart peika ut som «eit kritisk eksempel» i I NVE sin Rapport 2- 2010 «Etterundersøkelser ved små kraftverk. Sumvirkningar på landskap» .. «Få steder i landet er det bygd ut fleire småkraftverk i et avgrenset område enn her». 5 av søknadane i pakken kjem frå området som alt er tyngst belasta med kraftutbygging (Osdalen, Osvatnet, Feirdalselva Storelva og Øggardselva).

Rapport 2- 2010 har to klare konklusjonar som må gje sterke føringar for Volda / Ørsta- pakken: Det at sterkt eksponerte fossefall er trekt ut av tiltaka har ført til at sum- verknaden på landskapsrommet til no har vore akseptabel. Den andre slutninga rapporten trekk er at vegbygging knytt til tiltaka står for eit større inngrep i landskapet enn forventa. NVE- rapporten si avgrensing av landskapet som vert vurdert for sumverknader er ei heilt anna, og vidare, enn Melby (Miljøfagleg Utredning rap. 31 2012) sine avgrensingar Hjørundfjorden.

Vi er nøgde for at sumverknadane no vert tillagt stor vekt, og for spesialrapporten som er utarbeid for fem tiltak i Ørsta. Vi vert oppmoda om å sjå alle dei 14 tiltaka i samanheng, men vert litt frustrerte over uklare definisjonar av landskap – fjordlandskap – område – samla



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

belastning, aggregerende effekt og sumverknad. Her er omgrep og definisjonar frå ulike styrande dokument, og vi ser fram til ei avklaring av omgrep og metodikk.

Om kraftverka i Austefjorden seier NVE- rapporten; »Alle kraftverkene ligger nær fjorden, eller i dalføret i forlengelsen av fjordbotnen.» Med ei slik avgrensing vert det heilt naturleg å sjå Helgåa kraftverk saman med dei 5 andre som er vurdert opp mot samla belastning i Hjørundfjorden (Melby har utelatt Helgåa fordi ho ikkje er synleg frå fjorden).

Når vi krev at Helgåa vert vurdert i samanheng med fem andre i Hjørundfjorden er det og med trygt belegg i intensjonane i «Retningslinjer for små vannkraftverk – til bruk for utarbeidelse av regionale planer og i NVEs konsesjonsbehandling»: «...Sumvirkninger kan defineres som de samlede konsekvenser av flere små vannkraftanlegg innenfor et geografisk avgrenset område ...» (OED 2007). Det er om lag 1 km mellom Holåa og Helgåa og Helgåa må difor takast med i vurderingen blant dei andre vassdraga i Hjørundfjorden.


3. Om biologisk mangfald.

I dei 14 tiltaksområda i pakken er der få funn av høgt graderte (CR, EN) raudlisteartar, men fleire med lågare status (NT, VU) og artar som har sårbare bestandar sjølv om dei er tatt ut av raudlista. Vi tenkjer på artar som strandsnipe (NT), fossekall, fleire hakkespettartar og oter (VU). Fleire av desse har no robuste lokalitetar i Ørsta og Volda, men om 14 nye elvar vert regulert kan det få utilsikta konsekvensar. Ein art treng eit reserverevir i nærleiken ved naturlege variasjonar i populasjon eller press på lokaliteten som vi ikkje kan sjå i dag. Dei treng ein «beredskaps- buffer». Om ikkje vert dei snart raudlista. Dette stiller krav til førevar- tenking ved «pakke-handsaming». I dei seinare åra har det vorte meir fokus på fossesprøytoner og bekkekløfter. Vassdrag med desse naturtypene er også svært attraktive mhp småkraftverk på grunn av at fallet er godt. Sjølv små endringar i vassføring kan resultere i at artane forsvinn. Fossesprøytoner er definert som ein viktig naturtype etter DN-handbok nr 13, og skal derfor vere kartlagt gjennom dei kommunale naturtypekartleggingane. Imidlertid er langt frå alle førekomstar kartlagt, særleg ikkje i utilgjengelige område som vi har fleire av blant dei 14 omsøkte her.

4. Om kunnskapsgrunlaget.

Dei biologiske rapportane viser i fleire høve til tidlegare registreringar, til naturbasen og til dokumentasjon / litteratur som fins. Særleg på Volda- sida er det lite av slikt. Registreringane er mangelfulle og tilfeldige. Dette har Fylkesmannen peika på ved tidlegare konsesjonssøknader. Vassforskrifta legg og nye føringar for krav til dokumentasjon som må ligge til grunn for inngrep i vassdrag. Vi finn dei i § 12, Vedlegg V, «Klassifisering og overvåking» og i miljøkvalitetsstandardane i vedlegg VIII.

I mange søknader er tilsette i kraftlaget og / eller søkjaren sjølv gitt opp som kjelde til kunnskap om fiskebestand, om dyr og planter, om friluftsliv og tidlegare bruk av området. I små bygdelag har dei fleste relasjonar til nokon med kommersielle interesser av ei



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

kraftutbygging. Vi håper NVE ser utfordringa og utøver kjeldekritikk og sett objektive vurderingar i høgsetet.


Det har vore mange småkraftutbyggingar i Ørsta og Volda dei siste 15 åra. For dei fleste har argumentet om «ny giv for lokalsamfunnet», bygdeutvikling, trygging av jordbruksnæringa og busetjinga vore tunge argument. Vi saknar meir gransking på om dette har slått til. Har inntektene frå dei små kraftverka skapt vekst og trivsel? Det vi kjenner til er rapporten frå Høgskulen i S.& Fjordane «Småkraft og regionaløkonomisk vekst» (Idsø 2012), som peikar på ein sterk kapitallekkasje ut frå distriktet når utbygginga vert gjort i regi av eit eksternt selskap. Kva har skjedd i Ørsta og Volda? Har kraftutbygging stoppa utflyttinga frå utkantane og kor er flyten av ressursane når hovuddelen av areala blir eigd av folk som ikkje bur i bygda meir. Her trengs meir kunnskap. Vi trur nok at lokal-argumentet knytt til kraftutbygging er mykje lik oppdrettsnæringa i landet som også starta med tilleggsnæring til kystbonden og som fort kom ut på den frie marknaden.

Ny dokumentasjon om opplevingsverdien ved vann og vassdrag bør vege tungt ved konsesjonsvurderingane. Dette er gamal kunnskap, men no kan vi vise til NVE rapporten i serien Miljøbasert vannføring 4- 2009 «Hvor viktig er vann og vassføring for friluftsliv?» Konklusjonen er at vatn blir verdsatt veldig høgt som kjelde til naturoppleving og opplevingsaktiviteter. Og «egen kunnskap om at et vassdrag er utbygd påvirker opplevelsen negativt».

NVE Rapport nr. 2- 2010 peikar og på at fagkunnskap / utgreiingar og manglar når det gjeld friluftsliv, estetikk, landskapselement og kulturverdiar knytt til vassdraga. Til no er det konsesjonssøklar som skildrar konsekvensane. «Det bør likevel vurderast om NVE skal stille krav til bruk av fagkompetanse på området i søknadsfasen.» «I dag er de største utredningskravene for vannkraftverk knyttet til konsekvenser for biologisk mangfold, mens andre tema har lavere prioritet. I en konsesjonsbehandling og konsesjonspliktavurdering skal man imidlertid vurdere om inngrepet fører til ulemper for ”allmenne interesser”. I dette begrepet ligg det vesentleg fleire tema. Myndighetene bør derfor vurdere om det ikke er fornuftig å stille strengare utredningskrav også til tema som landskap og friluftsliv, som lokalsamfunnet gjerne er meir opptekne av. Det vil også trolig bli en betre og mer uhilda vurdering av konsekvensene på disse miljøtemaene om vurderingene blir vurdert objektivt av andre enn tiltakshavar selv» (sitat NVE Rapport 2-2010.) Fagfolk, kunnskap og forskning på desse fagfelte finst og vi ser fram til at kunnskapsgrunnlaget skal utvidast og forsterkast. Når kunnskapsgrunnlaget på desse tema er svakt for desse 14 tiltaka, set det desto større krav til «føre- var» tenking.

5. Om referansane til Vassdirektivet.

Arbeidet med å nå Vassdirektivet sine miljømål innan 2021 er i startfasen, og alle elvar og anna overflatevatn er omfatta av vassforskrifta sine miljømål. Møre og Romsdal vassregion har hatt «Vesentlege vassforvaltningsspørsmål» ute på høyring. I høyringsdokumentet vert



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

vasskraftproduksjon trekt fram som ei av dei store utfordringane, og er årsak til dei fleste registreringane av vassførekomst i risikosonar i Søre Sunnmøre vassområde; «Kraftutbygging i Tussaområdet, Åmela, Ørsta, Sør-Brandal og Gjerdsвика m.v. gjev risiko.» Difor vert det direkte feil å vise til at ei ny utbygging ikkje er i strid med vandirektivet, - slik det vert gjort i fleire av søknadane (Osdalen, Vassbakke, Skår, Trandal). «Jfr. Vassføreskrifta § 4 skal vassførekomstane ha minst god økologisk tilstand. Dei fleste vassførekomstane i Møre og Romsdal har godt vassmiljø, og i desse er det vesentleg at tilstanden blir oppretthalden. I vatn kor miljøtilstanden er dårlegare enn god må det settast inn tiltak i planperioden 2016 – 2020 for å betre tilstanden, ..» (sitat Vesentlege vassforvaltningsspørsmål, M.& R. vassregion 2012. kap.10.1). For vassdrag i god eller svært god tilstand kan eit avslag om småkraftutbygging vere eit nødvendig førebyggjande tiltak for å nå miljømåla i 2021. (sjå Vesentlege v. kap.5.1 Standard miljømål).

I opplistinga av sitt vidare arbeid med forskrifta nemner Søre Sunnmøre vassområde «strengare miljøkrav ved kraftutbyggingar og andre inngrep i vassdrag.» og «Revisjon av konsesjonsvilkår for nokre kraftverk som truleg vil betre miljøtilstanden». Møre vassdraget, der Osdalen kraftverk går inn, er eit døme på eit vassdrag som er moden for revisjon, og der den nye søknaden må vurderast i denne samanhengen. Vassdirektivet opnar ein heimel for revisjonar utan omsyn til den gamle 30- års regelen. Nye småkraftkonsesjonar må bli vurdert opp mot §12, «Ny aktivitet, eller nye inngrep» i Vassforskrifta.


Vi vil argumentere for ei handsaming av Ørsta / Volda- pakken som trekk mot same mål som vassområdet sitt arbeid og som legg opp til revisjon av eksisterande vassdragsreguleringar der det trengs.

6. Kraftproduksjon og linjenett.

For fleire av dei omsøkte prosjekta er det ikkje klare planer for korleis meir kraft skal førast ut av området. For fleire ligg det føre fleire alternativ. Det kan ikkje vere slik at eit naturinngrep vert gjort utan at kraftverket kan setjast i full drift. Dette har vi sett eksempel på (Urke, Trandal). Vert det først utbygging, så må energien nyttast best mogleg. Om ikkje, vert konsesjonsmyndigheita sine avvegingar av samfunnsnytte mot ulemper gjort på feil grunnlag. Det kan heller ikkje vere slik at nye tiltak må gjerest for å gje økonomisk grunnlag for forsterka infrastruktur for dei allereie utbygde kraftverka.

For oss vert det feil å skilje naturinngrepet ved kraftverksutbygginga og dei andre naturinngrepa knytt til bygging av nye liner, trafoar og tilførselsvegar. Dette er ein klar mangel ved søknadene som NVE på beste måte må prøve å ta høgde for i si vurdering av kost/nytte-vurderingane ved søknadene.

Slik vi les det vil ikkje småkraftverk bøte på behova til den kraftkrevjande industrien, men dei kan bidra til lokal forsyning av straum til eit varierende tal husstandar.



forum for
Natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Straumen blir i stor grad produsert vår/sommar/haust i småkraftverka. Det betyr at når kraftbehovet til oppvarming stig (dvs når temperaturen synk), har bekkar og småelvar lite vatn. Då må ein enten gå bort frå krav om minstevassføring eller nøye seg med marginal produksjon. Vi tenkjer at sjølv om ein gjekk bort frå kravet om minstevassføring, er dei 14 omsøkte vassdraga marginale vassførande vinterstid og det vil difor berre vere teneleg å drive dei når det er monalege mengder vatn i vassdraga.

7. Om oppfølging av konsesjonsvilkår.

I NVE Rapport 2- 2011 (Etterundersøkelser ved små kraftverk.) er det referert til 5 tilfeldig valde kraftverk som vart granska på oppfølging av konsesjonsvilkåra. «Undersøkelsen viste at de fleste brøt forutsetningene om minstevassføringsutslipp». ..»Verken NVE eller kommunene fulgte opp kraftverkene etter at de var bygd. Prosjektet viser derfor at det er et stort forbedringspotensiale for saksbehandling og oppfølging av slike kraftverk, og prosjektet foreslår enkelte tiltak som kan vurderes».

I rapporten med eksempel frå Austefjorden vart det mellom anna peika på;

- Vegbygging som vart unødvendig eksponert.
- Overdimensjonert kjøreareal rundt kraftverket.
- Manglande opprydding.
- Vegetasjonsdekke som ikkje var sett i stand i tråd med plana
- «Konsesjonssøknaden gir ikkje et representativt bilde av landskapsvirkningene slik de ble etter utbyggingen.»
- «For lavt presisjonsnivå i beskrivelsen av forventede landskapsvirkninger.»
- «Istandsetting av røtraseen var ikke utført i tråd med beskrivelsen i detaljplanen».

Vi har diverre også erfaring frå nettopp Hjørundfjorden (Urke kraftverk) om større avvik mellom konsesjonsvilkåra og kva som vart faktisk bygd. Våre erfaringar lokalt samt NVE sine egne granskningar (sjå ovanfor) gjer av vi er skeptisk til fleire kraftutbyggingar når vi ser avviket mellom kva som er godkjent og kva som blir resultatet. Manglande oppfølging av konsesjonsvilkåra av myndigheitene fører diverre til at natur- og friluftslivsinteressene taper mot utbyggingsinteressene.

8. Tekniske alternativ.

Vi har sett Coanda inntak i drift. Det vert sagt at desse inntaka minskar tapet av fisk, larvar og smådyr i elva. Dei vil i større grad følgje elva nedstraums enn tradisjonelle inntak. Nokre er i drift i Norge , men i andre europeiske land er dei vanlegare. Dei skal og etter sigande gje lågare demningar, krevje mindre tilsyn og gje mindre behov for tilførselsvegar. Slik vi har forstått det, blir det no forska på effekten av coanda- teknologien ved universitetet i Bergen. Skal det byggast fleire småkraftverk må dei beste tekniske løysingane nyttast uansett kva teknologien heiter. Vi forutsett at konsesjonsmyndigheita til ein kvar tid krev at utbyggaren av kraftverk bruker den teknologien ved inntaket av vatnet som skadar naturen minst.



forum for
Natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Desse åtte fokusområda er bakteppet og gjev grunnlaget for våre vurderingar knytt til dei omsøkte konsesjonssøknadane:

Holåa Kraftverk.

Holåa må vurderast i samanheng med den samla belastninga på landskapet i Hjørundfjorden. Den er ein del av fjordlandskapet, opplevd og sett frå Norangsdalen og frå fjellområda rundt. Den er eit viktig landskapselement i rommet mellom Slogen – Smørskredstind – Jakta, dalen og fjorden. Elva er viktig som ein del av opplevingsmangfaldet på turen til Jakta, Konehornet og for overgangen til Viddal.

Sett frå Slogen ligg Holåa midt i linsefokus for fleire tusen som kvart år går til topps på ein av dei vakraste fjelltoppane i Norge. Sjå foto s.233 i Fotturar på Sunnmøre (Iriss Forlag 2010). Dette biletet viser og kor nært elva er knytt til fjordlandskapet, og kor meiningslaust det vert ikkje å ta ho med i ei vurdering av samla belastning.


Dei nasjonale INON- definisjonane er lite tilpassa det sunnmørske fjordlandskapet. Det er kort veg frå fjord til fjord. Difor må vi hegne om dei inngrepsfrie områda på ein særskild restriktiv måte. Dette tiltaket vil redusere områder både med sone 1 og sone 2 kvalifisering. Tiltaket grip og inn i eit kulturlandskap som er vurdert til å ha nasjonal verdi.

Biologisk rapport dokumenterer på ein god måte både verdifulle fossesprøytsoner og ei viktig bekkekløft. NT

Ut frå landskapsomsyn, friluftsliv, biologisk mangfald og ei samla vurdering av gjennomførte og planlagde småkraftverk i Hjørundfjord, rår vi til at Holåa kraftverk ikkje får konsesjon.

Helgåa kraftverk.

Helgåa er eit av dei mest iaugefallande elvane i Hjørundfjorden og Norangsfjorden. Med sitt «brudeslør» av ein foss over det opne fjellet er den heilt unik og gjev eit inntrykk for alle. Elles viser vi til Miljøfagleg Utredning og AMBIO sine utredningar. Det vil være eit brutalt overgrep mot landskapet om Helgåa vert regulert. Helgåa må og i framtida få renne i frie fall i eit av dei mest særmerkte fjordlandskap i Norge.



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal



Ei elv kan vere eit markert landskapselement også om vinteren med naturleg låg vassføring.

Ut frå landskapsomsyn, og ei samla vurdering av gjennomførte og planlagde småkraftverk i Hjørundfjord, rår til at Helgåa kraftverk ikkje får konsesjon.

Skår kraftverk.

Vassdraget på Skår er spesielt fordi det er så samanhengande visuelt leseleg frå fjorden som frå fjella kring- Dette er godt dokumentert av Miljøfagleg Utredning si vurdering av inntryksstyrken. Vi vil også vise til fylkeskonservatoren si vurdering; «kulturminne som Skår er i denne samanheng av stor verdi».

Verdien av Skårlandskapet, både som kulturlandskap og som landskapselement i Hjørundfjorden vil bli sterkt redusert om nær 800 meter av vasstrengen forsvinn. I tørre periodar er den nedre delen av elva lite synleg, men ho er der og er viktig for landskapet. Og lausmassane i elvebotnen og langs kantane av elvefaret fortel korleis vatnet, isen og snøskreda har forma landskapet Skår, slik hurtigruteturistar og andre kan undre seg over naturens arbeid. Vi ser dilemmaet knytt til attgroing, busetnad og beitetrykk. Men det må vere storsamfunnet sitt ansvar å syte for trygg straumforsyning, også til Skår.



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal



Skår, slik hurtigruteturistar og andre kan undre seg over naturens arbeid.

Ut frå landskapsomsyn, og ei samla vurdering av gjennomførte og planlagde småkraftverk i Hjørundfjord, rår vi til at Skår kraftverk ikkje får konsesjon.

Indre Trandal kraftverk.

Mellom Lekneset og Hundeidvik er det berre Indre Årneselva som kan konkurrere med Indre Trandalselva i inntryksstyrke. Endringane frå før- situasjonen som vist på fig. 5.1. i Miljøfagleg Utredning sin rapport 2012:31 til illustrasjonen av plan-situasjon på fig. 5.3 er dramatisk. Dei vil føre til ei vesentleg endring av fjordlandskapet.

I tillegg vil frå før marginaliserte INON område verte reduserte. Det er verd å merke seg at eit INON område av A- kvalitet, - svært viktig og av nasjonal verdi, krev særskild handsaming av Fylkesmannen. Området sitt verdi for friluftsliv og turisme er ikkje omtalt av søkjaren. Ikkje på annan måte enn at «berre ein liten del av vassdraget er synleg frå garden». Det kan jo tenkjast at gjestar og vil utforske naturen utanfor serveringsstaden.

Turen oppover ryggen mot Litledalen er spektakulær, og nærleiken til elva er med på å gjere dette til ei sterk oppleving av fjordlandskapet. Etter om lag 2 timar kjem ein opp i ein alpin, trolsk og inngrepsfri fjelldal. Der vil ei demning prege det opne landskapet sterkt negativt. Frå Litledalen er der og mogleg å gå vidare mot toppar eller overgangar for dei som søker meir krevjande utfordringar.


Indre Trandalselva har også opplevingsverdi for dei som ser landskapet frå fjella i nærleiken, og frå andre sida av fjorden. Opplevingsstyrken frå fjorden har Miljøfaglig Utredning dokumentert. Elva er så viktig for fjordlandskapet at ho bør fortsatt få renne fritt.

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Kommunehuset, 6631 BATNFJORDEN

Mob: 46 43 14 27 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

Kontonr. 4202 32 54314 www.fnf-nett.no



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Ut frå landskapsomsyn, og ei samla vurdering av gjennomførte og planlagde småkraftverk i Hjørundfjord, rår vi til at Indre Trandal kraftverk ikkje får konsesjon.

Klubbeneselva kraftverk.

Tiltaksområdet er synleg frå fjella som ligg i Molladalen landskapsvernområde, og rørgata som er planlagt i dagen er problematisk ved at den blir alt for synleg i snaufjellet. Den grip og inn i eit pressa INON område. Her foreslår vi at inntaket difor vert flytta til om lag kote 400. Det er positivt at vegbygging er tenkt erstatta av taubanebruk. Det er og positivt at kraftverket er tenkt på oppsida av vegen, slik at litt av elva vert synleg frå vegen og sjøen. Vi går ut frå at reirkasser for fossekallen og minstevassføring vil bli tatt med i eventuelle konsesjonsvilkår.

Viss det blir sett vilkår om at inntaket blir flytta til kote 400 og at det blir sett ei minstevassføring, har vi ikkje vesentlege merknader til søknaden.

Skarbøen kraftverk.

Utløpsosen av Skarbøelva er ein fin fiskeplass og er eit lite «allment ope pusterom» langs ei elles bratt strandline i Hjørundfjorden. Kraftverkstasjonen bør difor etter vårt syn flyttast opp ovanfor vegen til kote 20 / 25 til flata opp for vegen, der det og er nokre andre bygningskroppar og god tilkomst. Då vil strandlina ikkje bli endra, og elveløpet opplevd frå vegen og sjøen vil bli langt betre.

Inntaksområdet ligg i eit ope fjellterreng som er eksponert frå turstiane mot Festøykollen, Svinetinden, Rametinden og Ramoen. Dette er populære turmål. Der er og ein sti frå Skarbøen mot Skarbøvatnet, Festøykollen og Barstadvika, men den er mindre brukt. Desse brukarinteressene er ikkje nemnd i søknaden.

Vi vil tilrå at inntaket vert flytta til om lag kote 350, i overgangen til meir storvoksen skog. Ein vil då redusere tapet av INON- område, eit område som heng saman med Molladalen som er verna gjennom kommunal reguleringsplan. Sprenging av grøft for utføring av rørgata og utsprenging av kulp høyrer ikkje landskapsmessig bra ut. Knytt til dette tiltaket finn vi og eit døme på det NVE-rapport 2-2010 omtaler som vegprosjekt som vil vege tungt i målinga av samla belastning. Presisjonsnivået for utforminga av vegen opp mot inntaket er vi heller ikkje nøgd med. (J.f. vårt punkt 6 over). Vi går ut frå at krav om minstevassføring og fossekallreirkasser vil bli tatt med i ein eventuell konsesjon.

Viss det blir sett vilkår om at inntaket blir flytta til kote 350 og at Skarbøen kraftverk blir flytta til kote 20/25 og at det blir sett ei minstevassføring, har vi ikkje vesentlege merknader til søknaden.

Årsetelva kraftverk.

Årsetelva er ein del av vassdraget som er varig verna i verneplan 1. Dette krev særskild merksemd. Inntaket er tenkt i eit LNF- område, som og stiller krav til aktsemd.



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Vi viser til brev frå NVE frå 2006, vedl. søknaden: «Innan desse områda finn in særleg viktige friluftsliv- natur- og viltinteresser. Byggje og anleggstiltak som ikkje har tilknytning til landbruksverksemd vert ikkje tillate».

Etter vårt syn er dei planlagde tiltaka rundt inntaket ikkje gode nok. Det opne landskapet rundt Kvistadsetra er sårbart for belastninga av tilførselsveg og røyrgate, og sjølv inntaket vil vere eit lite passende element i landskapet. Biologisk rapport peiker og på verdien av naturbeitemarka på setra. Området sin verdi for friluftsliv er for lite vektlagt av søkjar. At «Kvistaddalen berre sporadisk vert brukt som turområde» stemmer ikkje. Dalen, støyane og fjella rundt er av dei mest brukte turmåla i området. Skårasalen er eit av dei mest populære turmåla både sommar og vinter. Kvistadsetra, med elva som renn godt synleg i dette området, er ein viktig del av landskapsbiletet.

Vi ser helst at inntaket vert flytta til elvesvingen på kote 400,- i respektfull avstand til det opne landskapet rundt setra. Det må då finnast ein annan trase for røyrgata før ho kan følgje vegen.

Om tilførselsrøyret vert lagt i vegskuldra eller i vegen er det viktig at dette ikkje fører til at vegstandarden vert av ein slik art at vegen vert meir dominerande i landskapet enn no. Vegen skal kunne vedlikehaldast, men skal han oppgraderast og leggest om må det ei anna sakshandsaming til.

Bortsett frå Årsetelva, er det er få andre sideelver til Bondalselva. Slik Årsetelva ligg no er det eit oppgangshinder forårsaket av isgang (?). Slik vi forstår situasjonen kan ein med litt kultivering og restaurering av vassdraget gjere det bli fullt mogleg å få fisken til å gå opp i vassdraget, og auke produksjonen av laks/aure i Bondalselva.

Dette er kanskje eit av dei prosjekta der ein bør vurdere Coanda- inntak. For å få meir av botnssubstrat og småfisk nedover vassdraget, og ikkje inn i turbinen. Og for å få ein lågare terskel.

Om tiltaket får konsesjon må det ligge føre ein betre og meir detaljert plan for inntaksområdet, minstevassføringa må minst ligge på dei nivåa som er foreslått i søknaden og det må ligge føre ein detaljplan for å ta vare på solblom- lokaliteten der ny tilknytingskabel er prosjektert. Fossekalen må og få sine tiltak som foreslått i Biologisk rapport.

Om minstevassføringa minst vert på det nivået som er omsøkt, og om ein finn ei anna løysing for inntaksområdet, og kraftverket blir plassert lengst mogleg opp i vassdraget for å minske tap av anadrom strekning, har vi ikkje vesentlege merknader mot at Årsetelva kraftverk får konsesjon.

Osdalen kraftverk.

I vår fråsegn til dokumentet «Vesentlege vassforvaltningsspørsmål» (M.&R. vassregion) peika vi spesielt på Møre vassdraget som eit vassdrag som er moden for revisjon. Dette fordi det var vore missnøye frå bebuarar langs vassdraget og andre brukarar når elva har vore heilt tørrlagt. Tussa hevdar at dei gamle konsesjonsvikåra ikkje set krav til minstevassføring. Dette har vi vore i diskusjon med Tussa om tidlegare. Dersom Tussa har rett i si tolking av



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

konsesjonsvilkåra frå 1923 (?), er det desto større grunn til å krevje ein full gjennomgang / revisjon av vilkåra for regulering av vassdraget.

I søknaden peikar Tussa på 30- års intervallane for revisjonsopning. Desse har vi kommentert i p.4. Etter opplysningar frå Landssamanslutninga av Vassdragskommunar sin jurist Trine Larsen, er vi trygge på påstanden om at Vanddirektivet opnar for revisjonsprosessar utanom 30- års regelen. Vårt syn er difor at denne konsesjonssøknaden må vente, og eventuelt gå inn i ein større revisjonssak.

I det minste må NVE avklare med vassregionmyndighetene i M.&R. kva status og framdrift det er for gje Mørevassdraget ein betre miljøstatus.

Vi meiner altså at i kap 2.6. i Norconsult si utgreiing i søknaden er feil på dette punktet. På strekninga mellom Osdals-sætrevatnet og Odalsvatnet er det i dag godt med bekkeare. Det er gode forhold for gyting og oppvekst i vatnet, og det vert fiska nedover heile elvestrekninga. Også stor aure, etter sunnmørsk målestokk. Det vert seld fiskekort for strekninga.

Landskapet elva renn i har og gode opplevingskvalitetar både som intakt natur, og som kulturlandsapselement. Granskogen som delvis skjuler elva frå vegen vert neppe ståande like lenge som elva kan renne.

Både med tanke på framtidige vilkårsrevisjonar og det omsøkte nye kraftverket vil vi halde på at i det sterkt regulerte Mørevassdraget må fokus vere å betre miljøtilstanden: Då vert det feil å gje konsesjon til bygging av Osdalen kraftverk.

Ut frå at vassdraget må reviderast knytt til samla påverknad frå dei tidlegare reguleringane, og at Osdalselva har fiskebiologiske og landskapsmessige verdiar rår vi til at Osdalen kraftverk ikkje får konsesjon.

Feirdalselva kraftverk.

Området tiltaket ligg i er frå før sterkt prega av kraftutbygging og kraftliner. Feirdalselva kraftverk er ein av fire nye søknader frå Høydalen, dvs totalt 7 kraftverk kan komme i same vassdraget. Vi meiner at om det fins nokon stad det er behov for å sjå sumeffektane av dei ulike tenkte kraftutbyggingane så er det her. Kven greier å seie noko om økologisk forsvarleg manøvreringsreglementet i denne uoversiktlege situasjonen? Her grip alle reguleringane inn i det verdifulle hovudvassdraget. I konsesjonsvilkåra for Feirdalselva må det difor ligge eit krav til minstevassføring og kjøremønster som tek omsyn både til fisken i Storelva og fossekallen sine behov. Det må også vurderast nærare om ei flytting av kraftverket ca 250 m oppstrøms, til om lag kote 350, vil virke positivt for den lokale fiskestamen og for anadrom fisk om Storelva vert rehabilitert. Tapet av INON- område må kompensast med ei restriktiv hamdsaming av søknaden frå Øggardelva. Helst ser vi at Feirdalselva ikkje får konsesjon, for ho har ein godt synleg fossestreng, og Feirdalen, innover mot Feirdalsvatnet er eit turområde med tore opplevingskvalitetar. Trass i kraftlina. Fjellsprenging, inntaksdam og røyrgate vil forstyrre eit idyllisk landskap i fjelldalen.

Om det vert gjeven konsesjon, må alle dei avbøtande tiltaka takast omsyn til.



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Osvatnet kraftverk.

Denne søknaden heng delvis saman med Feirdalselva. Tap av INON- områder, endringar i lokalt klima, økologiske endringar nedstraums Storelva og landskapsendringar i Høydalen må bøtast på ved meir restriktiv handsaming av andre Høydal- søknader. Som i fråsegna om Feirdalselva vil vi peike på plasseringa av kraftverket; Det bør vurderast ei plassering lengre opp mot fjellfoten.

Vi vil ikkje gå imot at Osvatnet kraftverk får konsesjon, om dei omsyna vi har peikt på vert vektlagt i vilkåra.

Øggardselva kraftverk.

Øggardselva har eit langt, godt synleg fossefall. Sett frå dalen, frå fjorden, og ikkje minst frå E39 på andre sida av fjorden. Ho fortel korleis det kunne ha sett ut om ingen av elvane i Høydalen hadde vore regulert. Når vi legg vekt på vurderingane i NVE- rap.2- 2010, er det slike visuelle landskapstrekk som må stå igjen for at biletet av dei samla belastningane på fjordlandskapet skal bli akseptabelt. Eit anna argument for at Øggardselva må få renne i fred, er at tiltaket grip tungt inn eit sårbart snaufjellslandskap. Tapet av INON- areal er uakseptabelt. Eit inntak med magasin i ope høg fjellslandskap (på kote 670) kan ikkje forsvarast.

Vegbygging fram til inntaket og sprenging her oppe vi vil lage merkbare og seintgroande sår. Den nye 420 Kv lina vil og ta sin del av INON- arealet. Difor har vi fokus på å ta vare på restområda som er inngrepsfrie. Landskapet mellom Austefjorden – Bjørkedalen og Grøndalen / Osdalen har få inngrep, og kanskje nett difor mykje brukt til jakt, fiske og anna tradisjonelt friluftsliv. Matøskja er ein av dei mest populære vårski- toppane i Volda, og utan brusande bekkar vert friluftslivet fattigare. Om du ser fossen på veg til Høydalen, frå Høydalen, frå parkeringsplassen eller frå høgste fjelltopp er ikkje avgjerande; Fossen og elva vert ein del av opplevinga.

Vi ser også Øggardselva saman med økologien i Storelva, og siterer frå Biologisk rap.9.1. «Om ein ser på Øggardselva i historisk samanheng og legg til grunn at fisken uhindra kan nå elva, så vert biletet noko annleis enn det ser ut no. I denne elva er det nemleg ei fin gytestrekning frå elvemøtet med Storelva i ei strekning på ca 450 m oppover elva og det er særleg for sjøaure at den eignar seg godt, men det er heller ikkje noko problem for laks å gyte der.»

Sett i samanheng med andre konsesjonssøknadar og alt regulerte vassdrag i området må vi og legge vekt på at dette er ei av beste elvane for nasjonalfuglen. Særleg som myteplass.

Vi rår til til at Øggardselva kraftverk ikkje får konsesjon.

Storelva kraftverk.

Området tiltaket ligg i er frå før sterkt prega av kraftutbygging med tre eksisterande kraftverk.



forum for
Natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

I omtalen av området (1.5 s 4) er Skinnvi kraftverk og Osdalen kraftverk ikkje med i oversikta over utbygde og planlagde kraftverk. Det er og feil at det er gitt løyve til to kraftverk i Stigedalsvassdraget. Desse konsesjonssøknadane er anka, og ligg no til handsaming i ODE.

Storeelva kraftverk er ein av fire nye søknader frå Høydalen, dvs totalt planlagte 7 kraftverk i same vassdraget i Høydalen. Vi meiner at om det fins nokon stad det er behov for å sjå sumeffektane av dei ulike tenkte kraftutbyggingane, så er det her. Kven greier å seie noko om manøvreringsreglementet i denne uoversiktlege situasjonen.

I eit landskap tungt belasta med spor frå kraftutbygging er det viktig at Storelva i dalbotnen ikkje vert regulert. I grunngevinga for tiltaket heiter det at «bygda trenger en ny giv». Etter dei to siste kraftverka i Høydalen vart satt i drift har dei to siste gardsbruka lagt ned drifta. Høydalen er det bygdelaget i Volda som har hatt størst negativ olketalsutvikling frå 1999 til 2010 (- 23,4%) . J.fr. vårt p.4 over. Vi saknar ein påvist samanheng mellom kraftproduksjon og bygdeutvikling.

Verdien av ei levande elv gjennom bygda er heller ikkje lett å kvantifisere i kroner, trivsel, turisme eller kg fisk. Vi ser Storelva i samanheng med tilrådinga vi har gitt for Øggardselva, og ser potensialet i å betre tilhøva for anadrom fisk i vassdraget. Dette vil vere i tråd med Vassdirektivet sine intensjonar, og følgje opp nasjonale og internasjonale forpliktelsar; «Truede arter skal opprettsholdes på, eller gjenoppbygges på livskraftige nivåer» (St. melding 42 om biologisk mangfald). Det vil og vere i tråd med naturmangfaldslovens § 10 om ei samla og økosystembasert vurdering av eit tiltak.

Fossekalen sitt habitat må også sjåast i samanheng med Øggardselva. Det er gjort ei god vurdering av Jerstad viltforvaltning, som viser kor viktig det er å sjå samanhengen mellom dei to elvestrekningane.

Biologisk rap. Frå Karttjenester as peiker sjølv på manglande vår-registreringar og spinkelt datagrunnlag (rap. s. 18). Det verkar i enklaste laget å vise til manglande registreringar i Norsk Soppdatabase og Norsk KarplanteDatabase.

Den samla belastninga på vassdragsnaturen i Austefjorden, og verdien av livet i og rundt Storelva, gjer at vi ikkje kan tilrå at det blir gitt konsesjon for å bygge Storelva kraftverk.

Ut frå dei biologiske og landskapsmessige verdiane knytt til Storelva, og sett i samanheng med den massive kraftutbygginga i Høydalen vil vi ikkje rå til at Storelva kraftverk får konsesjon.

Vassbakke kraftverk.

Vassdraget ber preg av tidlegare inngrep og landskapet kan omtalast som eit herja landskap, men nokre naturkvalitetar og kulturminne er framleis intakte. Vassbakkevatnet og Fremstevatnet har gode opplevingskvalitetar. Særleg det meandrerande elvepartiet nedstrøms det planlagde kraftverket. Også oppstrøms inntaket er der landskap av stor verdi.

Då ingen av desse kvalitetane kjem i konflikt med tiltaket, har vi få merknader til søknaden.



forum for
Natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Bioreg AS sitt forslag for å følge opp bestanden av hinnebregne er godt og viktig. Ei slik overvaking av langtidsverknadane av ei vassdragsregulering må ha nasjonal verdi, og kostnaden knytt til programmet bør difor ikkje kvile på Vassbakke kraftverk åleine.

Vi ser at tiltakshavar har fått merknad frå Fylkesmannen angående kulturlandskapet ved Støylen. Denne konflikten må finne si løysing gjennom ein dialog som tek vare på gamlevegen, steingardane, hustuftene og det opne landskapet. Kraftverk, røyrgate og tilkomstveg må ligge i respektfull avstand frå Støylen.

Eit mål for framtida må vere å få anadrom fisk tilbake i heile vassdraget, frå fjorden til Løkjene, og å betre tilhøva for dei bestandane av aure og røyr som er der i dag. Dette er utfordringar Volda kommune har spelt inn i vassdirektiv- arbeidet. Vi kan ikkje sjå at det omsøkte tiltaket vil vere til hinder for dette.

Om det vert teke omsyn til desse merknadane, kan vi tilrå at Vassbakke kraftverk får konsesjon.

Viss det blir sett vilkår om at fiskebestandane ikkje blir skadelidande, landskapet ikkje får unødvendige inngrep og at det blir sett ei minstevassføring, har vi ikkje merknader til søknaden.



Dale kraftverk vart sett i drift i 1990.

Dravlaus kraftverk.

Dravlaus ligg i utkanten av alle dei ferdig utbygde og planlagde småkraftprosjekt i Volda – Ørsta pakken, men grensar geografisk opp til nedslagsfeltet for nokre av tiltaka i Vanylvspakken. Nedbørsfelt for Tenneelva kraftverk og Brandefjellet kraftverk grensar begge opp til fjellområdet som Dravlauselva drenerer. For ei vurdering av samla belastning vil difor regulering av Dravlauselva ha konsekvens for desse to prosjekta i Vanylven, og i mindre grad for prosjekta i Hjørundfjorden. For Dravlaus kraftverk sitt bidrag til samla belastning legg vi



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

og vekt på dei store inngrepa som alt er rundt Dalsfjorden, spesielt frå Åmela, men og frå småkraftverk og olivinutvinning. For friluftsliv, anadrom fiskebestand, vegetasjon og landskapsbilete er det viktig at kraftverket kjem på same flata / området som inntaket til settefiskanlegget, og ikkje nedanfor vegen som først tenkt.

Omsynet til dei to bekkeløftene med påviste verdifulle biologiske kvalitetar gjer at vi helst så at inntaket vart flytta heilt ned til kote 120. Dette ville spart begge kløftene. Om vi ikkje får medhald i dette, er eit alternativ eit inntak på kote 215 for å bevare den øvste, men minst verdifulle kløfta. Vi ser at begge desse alternativa vil gje utfordringar knytt til bratt lende. . Som vårt «alternativ 3» vil vi krevje inntaket flytta om lag 70 m lengre nedover, slik at inntaksterskel, inntakskanal og andre konstruksjonar ikkje vert synlege frå Støylen, brua og Bruahølen. Ein vil då og skjerme støylsområdet frå tilførselsveg og riggområde.

Vert det teke omsyn til dette, går vi ikkje mot at Dravlauselva kraftverk får konsesjon.



Området rundt Bruahølen må skjermast frå utbygginga. Dette er ein god stad for ein rast.

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Kommunehuset, 6631 BATNFJORDEN

Mob: 46 43 14 27 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

Kontonr. 4202 32 54314 www.fnf-nett.no



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Oppsummering:

Gode rasteplassar, fiskeplassar, hekkeplassar, gyteplassar, spanande juv, imponerande fossestryk og idylliske kulpar kan ikkje puttast inn i standardiserte vurderingsskjema eller målast kvantitativt. Vi har likevel gjennom dette dokumentet prøvd å verdsette naturen og folks oppleving av naturen og vege desse opp mot samfunnets behov for kraft. Vi har konkludert med 7 NEI, 1 tja og 6 JA på vilkår. Då har vi naturen til våre barnebarns barn i tankane, og meiner at meir av vassdragsnaturen kan ikkje vår generasjon ta for seg av.

Helsing

Ingbjørn Bredeli

Koordinator Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Kopi
Volda kommune
Ørsta kommune
Fylkesmannen
Fylkeskommunen